

**Emne:** Smådyrkrematorium: Vedtak- Ett-steps søknad - Nytt lagerbygg - Skjæsarøye 9.pdf  
**Dato:** tirsdag 12. desember 2023 kl. 10:52:06 sentraleuropeisk normaltid  
**Fra:** Sælthun, Sander  
**Til:** Stein Pedersen  
**Vedlegg:** image001.png, Vedtak- Ett-steps søknad - Nytt lagerbygg - Skjæsarøye 9.pdf, Utsnitt reguleringsplan Prestøya-Gjeisarøya.pdf, Reguleringsføresegner Prestøya-Gjeisarøya (2002).pdf

Det er ikke ofte du mottar e-post fra [sander.saelthun@lom.kommune.no](mailto:sander.saelthun@lom.kommune.no). [Finn ut hvorfor dette er viktig.](#)

Vedlagt følger byggeløyve for Skjæsarøye 9, gnr. 37 bnr.3 fnr.5, datert 05.08.2022.

Reguleringsplanen for området (Prestøya – Gjeisarøye industriområde) er frå 2002. Utsnitt av digitalt plankart, der tomte er vist med raud ramme og godkjent bygningstiltak med rosa farge, og kopi av reguleringsføresegner er lagt ved.

For det aktuelle området der tomte til Tor Lund er gjeld planføresegna

### **3.3 Område for industri (I)**

*a. Område merka I skal nyttast til industri eller verkstadverksemd. Kommunen kan nekte areala utnytta av verksemd som gjev store ulemper for områda rundt. Kommunen kan tillate bustad innreidd for vaktmeister, styrar o.l.*

Kommunen har seinare gjort eit prinsippvedtak (FS 4/2014) om at det ikkje er ønskjeleg å opne leilegheiter/ bueiningar i nordre del, dvs. den aktuelle delen av industriområdet.

Overordna plan er kommunedelplan for Fossbergom, vedteken 2020.

Generelt for planområdet for kommunedelplanen gjeld at:

*Eldre reguleringsplanar sluttar ikkje å gjelde, men der kommunedelplanen viser anna arealbruk, skal kommunedelplanen vere førande ved revisjon av reguleringsplanen eller ved ny regulering. Kommunedelplanen skal også vere retningsgivande ved dispensasjonsbehandling der det ligg føre eldre reguleringsplan, og der reguleringsplanen ikkje er i samsvar med kommunedelplanen.*

I kommunedelplanen ligg tomte til Tor Lund innanfor område BN3 – område for næringsveksemd.

I tillegg er det ein omsynssone flaumfare her, som set krav om at ved søknadspliktige tiltak i sikkerheitsklasse F2 skal byggjegrunden fyllast opp til minimum kote 365,66 moh. (det er gjort for Skjæsarøye 9, så langt eg er kjent med).

Med helsing

**Sander Sælthun**

plan- og miljøvernrådsgjevar

e-post: [sander.saelthun@lom.kommune.no](mailto:sander.saelthun@lom.kommune.no)

Tlf: 47 46 32 18 | [www.lom.kommune.no](http://www.lom.kommune.no)



Lom



Skjåk

**Felleskontor for plan, miljø og byggesak**